

Reglement for kommunestyret og andre folkevalde organ sin rett til innsyn i saksdokument

Skjåk kommune

Vedteke av Skjåk kommunestyre 29. september 2016, sak 71/16

Skjåk kommune:

Reglement for kommunestyret og andre folkevalde organ sin rett til innsyn i saksdokument

1. Rett til innsyn

1.1

Kommunestyret har som overordna organ for all verksemd i kommunen rett til innsyn i alle kommunale saksdokument, med dei presiseringar som følgjer av reglane nedanfor.

1.2

Formannskapet, faste utval og andre folkevalde organ har rett til innsyn i saksdokument når desse gjeld dei delane av kommunen si verksemd som organet behandlar. I tillegg kan desse organa krevje innsyn i dokument som ligg innanfor andre delar av den kommunale verksemda, når dette er nødvendig ved konkret behandling av ei sak i organet.

2. Vedtak om innsyn

2.1

Medlem og varamedlem av folkevald organ har rett til innsyn i dokumenta i saker som skal behandlast i organet.

2.2

Minst tre medlemmer i kommunestyret kan krevje innsyn i alle kommunale saksdokument når tidspunktet for innsyn ligg føre, jf. pkt. 3. Ordføraren har sjølvstendig rett til innsyn i alle saksdokument på tilsvarande grunnlag.

2.3

Formannskapet, faste utval og andre folkevalde organ kan vedta innsyn for sin eigen bruk i andre organ sine dokument når minst 1/3 av medlemmene stemmer for det.

3. Tidspunkt for rett til innsyn

3.1

Retten til innsyn tek til å gjelde når saka er framlagd/send til politisk behandling. Saman med saksframstillinga skal det følgje ei oversikt over alle dokumenta som er innsende, innhenta eller utarbeidde i samband med saka, med unntak av interne arbeidsdokument for administrasjonen.

3.2

For saker som skal avgjerast av administrasjonen gjeld retten til innsyn først når saka er ferdig behandla.

4. Særskilde reglar for innsyn i opplysningar som er undergjevne teieplikt m.m.

4.1

I utgangspunktet gjeld ikkje retten til innsyn opplysningar som er underlagde teieplikt. Kommunestyret og andre folkevalde organ kan likevel ved fleirtalsvedtak krevje innsyn i slike opplysningar når dette er nødvendig ved behandling av ei konkret sak i organet, jf. forvaltningslova § 13 b nr. 2 og 4.

4.2

Folkevalde har teieplikt i høve dokument som er underlagt teieplikt etter lov.

Om ei sak blir behandla for stengde dører etter kommunelova § 31, pliktar dei folkevalde å teie om dei opplysningane som er underlagt teieplikt etter lov. Medlemmer av folkevalde organ underskriv ei erklæring om teieplikt når dei får innsyn i opplysningar som etter lov er undergjevne teieplikt.

5. Framgangsmåten ved krav til innsyn – tilhøvet til administrasjonen

5.1

Førespurnad om innsyn i saksdokument skal behandlast straks. Slike spørsmål til administrasjonen skal gå tenesteveg. I Skjåk kommune betyr dette til rådmann, ass. rådmann, kommunalsjefar, plan-, miljø- og beredskapssjef eller nærings- og utviklingssjef.

5.2

Spørsmål til administrasjonen om saker som er under behandling, skal det svarast positivt på ved at det blir gjeve ei stutt orientering om måten saka blir behandla på, tidsplan o.l.